



**DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT**

Statsråden

Energi og miljøkomiteen
Stortinget
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
21/1246-

Dato
27. april 2021

Vedr. representantforslag 290 S (2020-2021) Om statlig delfinansiering av det arbeidet som Maridalens venner i Oslo gjør for å realisere den statlige vedtatte forvaltningsplanen for Maridalen landskapsvernområde

Eg viser til brev 19. april 2021 frå Stortingets energi- og miljøkomite om representantforslag frå stortingsrepresentantane Per Olaf Lundteigen, Jan Bøhler og Ole André Myhrvold om statleg delfinansiering av det arbeidet som Maridalens Venner i Oslo gjer for å realisere den statlege vedtekne forvaltningsplanen for Maridalen landskapsvernområde.

I Maridalen landskapsvernområde er det Statsforvaltaren i Oslo og Viken som er ansvarleg for forvaltninga av verneområdet. Det er derfor viktig at Maridalens venner har ein god dialog med dei om skjøtsel av området.

Kvart verneområde har ei forvaltingsstyresmakt. Forvaltninga av verneområda og oppfølging av forvaltningsplan, slik som i Maridalen, er ansvaret til forvaltingsstyresmakt. Frå budsjettet til Klima- og miljødepartementet blir midlane til skjøtsel og andre forvaltningstiltak i verneområda fordelt av Miljødirektoratet til dei ansvarlege for verneområda. Pengane blir fordelte etter ei vurdering av korleis dei oppfyller kriteria og prioriteringane i budsjettet. Den som er forvaltningsmyndigheit, det vil seie nasjonalpark- eller verneområdestyret, Statsforvaltaren eller kommunen, avgjer korleis arbeidet med skjøtsel og andre forvaltningstiltak skal gjennomførast. For ein del tiltak vert det leigd inn eksterne aktørar.


Maridalen er også eit av områda som er registrert som verdifullt kulturlandskap i Naturbase. Avgrensinga av det verdifulle kulturlandskapet følger stort sett avgrensinga for Maridalen landskapsvernområde.

Klima- og miljødepartementet har verkemiddel for å støtte frivillige organisasjonar sitt arbeid med å ta vare på natur og kulturmiljø. Det finnes til saman sju tilskotsordningar for dette. Felles for dei er at ein tildeler støtte etter søknad. Tilskot blir fordelt etter kriterium i tråd med vedtatt forskrift. Tilskotsordningane og kor og når ein kan søke blir gjort offentlege på Klima- og miljødepartementet sine sider kvart år i november, og gjennom departementets rundskriv for tilskotsordningar. Det er Miljødirektoratet og Riksantikvaren som tek i mot søknader og handsamar tildelingane, og som betaler ut tilskotet. Felles for tilskota er at dei går til konkrete prosjekt og arbeid som organisasjonane gjer. Tilskotsordningar der Maridalens Venner kan søke er:

- *Tilskot til tiltak i kulturlandskapsområde registrert som verdifulle kulturlandskap*
- *Tilskot til tiltak for ville pollinerande insekt, tilskot til verdiskaping naturarv*
- *Tilskot til trua arter*
- *Tilskot til trua naturtypar*
- *Tilskot til tiltak mot framande arter*
- *Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap.*

Det ligg altså allereie i dagens ordningar til rette for at det kan bli gitt statleg delfinansiering til Maridalens venner.

Med helsing



Sveinung Rotevatn